

Ark.no. 432.33

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN *****

J. 21/83

FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAPAR ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I FEBRUAR 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeria, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakinga i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 9. februar 1983 fastsett følgjande føresegner:

§ 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frosetskjær lykt og Rødberg lykt kan ein i tida fram til og med 15. februar 1983 fiska inntil 1.300 hl sild med notreiskapar.

Høgste lovlege fangstkvantum er 165 hl.

Fiskeridirektøren kan stansa fiske når det kvantum som er nemnd i første stykke er pårekna oppfiska.

§ 2

Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim, kan trekkja ut 8 farty mellom dei snurpe- og landnotfartya som deltok i fiske etter sild i Trondheimsfjorden 1982.

Farty som deltok i januar 1983 vil berre vera med i trekkinga dersom deltakartalet ellers vert mindre enn 8.

Feitsilfiskernes Salgslag kan fastsetja siste utseglingsdato for dei fartya som vert trekte ut.

§ 3

Det er forbode å låssetja, ta opp eller føra i land sild under 23 cm.

§ 4

Fiskeridirektøren kan gje føresegner til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse føresegnene, med dette også reglar om låssetjing, prøvetaking og kontroll av fangstane.

Av omsyn til bestanden kan Fiskeridirektøren sperra for fisket etter sild i avgrensa deler av områder nemnt i § 1.

Etter søknad frå Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gje løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunner ikkje kan nyttast til menneske-mat.

§ 5

Forsettelege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

§ 6

Desse føresegnene tar til å gjelda straks. Samtidig vert føresegnene av 3. juni 1982 og 7. januar 1983 om regulering av fisket med notreiskapar og med garn etter sild i Trondheimsfjorden i henholdsvis 1982 og 1983 oppheva.
